

Kontrollutvalet

SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
17/21	Styret for SEKOM sekretariat	15.09.2021
12/21	Representantskap for SEKOM sekretariat	05.10.2021

Arkiv	Sakshandsamar	
FE-151	Arnar Helgheim	

Budsjett 2022 - SEKOM sekretariat

Vedlegg i saka:

24.08.2021 Budsjett 2022 - framlegg 24.8.21

Tilråding frå dagleg leiar:

1. Budsjett for 2022 vert vedteke i samsvar med tabell datert 10.8.21.
2. Bufferfond i selskapet kan vere inntil 20% av kommunestilskotet.

15.09.2021 Styret for SEKOM sekretariat

Handsaming:

Dagleg leiar Arnar Helgheim gjekk gjennom budsjettet for 2022.
Budsjettsaka går vidare til Representantskapet for endeleg handsaming.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

STY-17/21 Vedtak:

1. Budsjett for 2022 vert vedteke i samsvar med tabell datert 10.8.21.
2. Bufferfond i selskapet kan vere inntil 20% av kommunestilskotet.

05.10.2021 Representantskap for SEKOM sekretariat

Handsaming:

Medlem frå Gulen kommune Øyvind Lid sende 4.10.2021 notat til Representantskapet om egenkapitalinnskudd/fond i interkommunale selskap uten krav til egenkapitalinnskudd, eitt varamedlem fekk det utdelt i møtet.

Dagleg leiar Arnar Helgheim informerte om budsjettet for 2022, med mellom anna 2 heile stillingar. Framlegg til vedtak frå Øyvind Lid:

Med bakgrunn i samarbeidsavtalen for SEKOM frå 2020 pkt. 5.

Fordelingsnøkkel 1. setning sitat: "Det er ikkje krav om eigenkapitalinnskot frå kommunane" og sitat siste setning: "Kommunale budsjett og rekneskapsreglar gjeld for selskapet" gjer eg fylgjande framlegg:

SEKOM sekretariat kommunale oppgåvefelleskap avviklar kommunane sine eigenkapitalinnskot dvs. disposisjonsfonda kalla buffer og pensjonsfond på budsjettet for 2022.

SEKOM skal deretter forhalde seg til inngått avtale og fylgje kommunale budsjett og rekneskapsreglar der naudsynt "buffer" blir lagt inn i komande års budsjett, og der eit rekneskapsmessig mindreforbruk årleg blir godskrive kommunane i komande årsbudsjett.

Avrøysting:

Framlegget frå Øyvind Lid fekk 1 røyst.

Punktvis avrøysting over framlegg frå styret:

Punkt 1: Vedteke mot 1 røyst.

Punkt 2: Vedteke mot 1 røyst.

REP-12/21 Vedtak:

1. Budsjett for 2022 vert vedteke i samsvar med tabell datert 10.8.21.
2. Bufferfond i selskapet kan vere inntil 20% av kommunestilskotet.

Saksutgreiing:

Eg viser til den vedlagde tabellen med framlegg til budsjett for 2022.

Eigarmøte

Selskapet inviterte ordførar og / eller kommunedirektør til eigarmøte 9. juni. På førehand sende vi ut notat med orientering om selskapet og informasjon om råme som trengs for 2 heile stillingar.

Eigarmøte slutta seg til framlagt budsjettsskisse med 2 heile stillingar og fond.

Heile stillingar

Den viktigaste avklaringa som ligg inne i framlegget, er altså at SEKOM held fram med 2 heile stillingar. Dette sikrar stabil og langsiktig drift med gode tenester, effektiv ressursbruk og sikker leveranse.

Slik vi skisserte til styre, representantskap og eigarmøte, kan SEKOM utføre alt grunnlagsarbeidet til komande kontrollutvalsplanar i staden for tinging frå Vestland Revisjon. Ei slik endring vil frigjere ressursar til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre undersøkingar. Vi reknar med at dette vil svare til 1 ekstra revisjonsprosjekt for kvar kommune.

Pensjon

Største usikkerheita er knytt til pensjonsutgiftene. Her er framlegget på 220.000 mot

166.000 i rekneskap 2020 då vi i praksis hadde berre 1,6 stilling i store deler av året. Kostnaden vert mykje høgare i 2021 (ca 377.000), men vi reknar med nokre vesentlege skilnader mellom 2021 og 2022:

- Reguleringspremien var ekstra høg i 2021. Den går ned til eit meir «normalt» nivå.
- Premiefond frå KLP sitt resultat i 2020 går til å dekke pensjonsutgifter dei komande åra.

Framlegget er å budsjettere med kr 220.000 som arbeidsgjevar sin del av pensjonsinnskotet for 2022 inkludert bruk frå premiefondet. Gjennomsnittet for 2016 – 2020 var ein netto pensjonskostnad på ca kr 235.000.

Pensjonspremie noverande tilsette	168 000
Reguleringspremie og rentegarantipremie	97 000
Sum arbeidsgjevars del	265 000
Bruk av premiefond	-45 000
Budsjettert pensjonskostnad	220 000

Premiefondet er bokført hjå KLP og er pr 31.8.21 på kr 194.238. Dette kan berre brukast til å dekke framtidige pensjonspremiar.

Driftspostar

Nokre postar er justert innbyrdes for å få betre samanheng mellom budsjett og rekneskap. Mellom anna gjeld dette godtgjersle til selskapet sine organ der følgjande postar vert brukt i framlegget:

10801: Årleg godtgjersle til leiar for styre og representantskap.

10802: Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for styre og representantskap

Budsjett til reise og kurs er innbyrdes endra. Erfaringa frå rekneskap 2020 er at største delen vert reiseutgifter og såleis er post 11700 auka medan post 11500 er redusert.

Fleire av dei andre driftspostane er lågare i budsjettframlegget enn i rekneskap for 2020. Dels er dette på grunn av stram budsjettering i framlegget, men også fordi vi hadde ein del eingongsutgifter til sak/arkiv-systemet og nettsida i 2020.

Framlegget legg opp til kr 40.000 frå pensjonsfond til å dekke tidlegare eigarar sin del av pensjonsutgiftene.

Tilskot frå eigarkommunane

Budsjettframlegget i tråd med det vi har orientert eigarane om og fått tilslutning til frå eigarmøte. Nedanfor er kalkyle for kommunetilskotet.

Kommune	Folketal 50%	Tid 25%	Fast 25%	B2021	B2022
Askvoll	72 620	53 348	65 861	175 000	192 000

Bremanger	87 333	53 348	65 861	190 000	207 000
Fjaler	70 046	53 348	65 861	170 000	188 000
Sunnfjord	534 632	177 825	65 861	707 000	778 000
Gloppen	142 884	59 275	65 861	243 000	268 000
Gulen	55 163	53 348	65 861	159 000	174 000
Hyllestad	31 418	47 420	65 861	133 000	145 000
Solund	19 084	35 565	65 861	110 000	121 000
Stryn	172 821	59 275	65 861	271 000	298 000
	1 186 000	592 750	592 750	2 158 000	2 371 000

Sidan tidsbruk og folketal ikkje er heilt likt frå år til år, kan fordelinga endre seg litt fram til endeleg avrekning ved utgangen av 2022.

Fond

Framlegget til budsjett inkluderer at SEKOM kan ha ein buffer i form av fondsmidlar også framover:

- Avsette midlar frå kommunar som gjekk ut. Dette er deira framrekna del av pensjonsforpliktingane for mange år framover.
- Bufferfond til utføresette situasjonar.

I styret og representantskapet sine drøftingar om fond, har det vore eit premiss at bufferfondet ikkje treng å bli urimeleg stort. Dagleg leiar foreslår ein hovudregel om at dette fondet er på inntil 20% av årleg kommunetilskot. Med framlegget om tilskot på kr 2.362.000, vil dette bety inntil kr 472.400.

Fond pr 1.1.21	Beløp	Kommentar
Bufferfond	401.052	Inntil kr 472.400 i 2022 (framlegg).
Pensjonsfond	501.598	Nyttast til å dekke deler av pensjon årleg.
Sum balanseført pr 1.1.21	902.650	

Ut frå framlegg til budsjett 2022 og økonomirapport for 2021, vil fonda utvikle seg slik:

Fond	Pr 1.1.21	Forventa bruk 2021	Pr 31.12.21	Bruk 2022	Pr 31.12.22
Bufferfond	401 052	94 000	307 052		307 052

Pensjonsfond	501	60 000	441	40	401
	598		598	000	598
Sum	902	154 000	748	40	708
	650		650	000	650

Det er eigarane ved representantskapet som vedtek bruken av disposisjonsfonda.

Budsjett 2022

Framlegg 24.8.21

Konto	Konto(T)	R2020	B2021 - vedteke	B2022 - framlegg
10100	Fast løn	1 245 775	1 260 000	1 575 000
10500	Anna løn og trekkpliktig godtgjersle	44 491	1 000	-
10504	Telefongodtgjørelse (sjå også 11309)	8 784	10 000	10 000
10509	Trekkpliktig km-godtgjerdslse	6 922	4 000	4 000
10800	Godtgjersle folkevalde	-	37 000	-
10801	Godtgjersle leiaraq råq/utval/styre	24 120	34 000	35 000
10802	Variabel godtgjersle folkevalde	33 656	0	75 000
10903	Pensjonsinnskot - KLP	165 680	335 000	220 000
10905	Gruppeliv- og ulukkesforsikring	3 489	4 000	4 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	150 749	170 000	180 000
11000	Kontormateriell	7 417	2 000	2 000
11001	Kopieringsmaterieqq	175	1 000	1 000
11007	Faglitteratur	4 215	0	-
11150	Matvarer	7 230	8 000	8 000
11201	Utgifter, ikkje oppgåvepliktige (løn)	2 564	0	-
11207	Velferdstiltak tilsette	1 000	4 000	4 000
11301	Bankgebyr	1 205	0	-
11303	Telefon	3 078	10 000	10 000
11305	Porto og frankering	-	1 000	-
11309	Motpost fordel Elkomm (10504)	-8 784	-10 000	-10 000
11500	Opplæring, kurs/seminar	4 250	40 000	15 000
11600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg.pl.	57 890	40 000	70 000
11700	Transport og drift av egne/leigde transportmiddel	5 315	10 000	10 000
11705	Refusjon av utlegg til skyss/transport	4 750	5 000	5 000
11855	Yrkesskadeforsikring	1 953	4 000	4 000
11900	Leige av lokale og grunn	67 183	64 000	70 000
11950	Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	192	35 000	-
11957	Lisensar	48 518	0	10 000
11958	OU kontingent arbeidsgivars del	354		
11959	Kontingentar	29 421	24 000	30 000
12000	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar	-	3 000	3 000
12001	Inventar og utstyr	12 070	5 000	5 000
12400	Serviceavtaler, reparasjonar, vaktmeistertenester	-	0	-
12701	Konsulenttenester	4 225		
13500	Kjøp av tenester frå kommunar	36 000	67 000	40 000
13505	Kjøp av tenester frå interkommunale einingar	5 000		10 000
13700	Kjøp av tenester frå andre (private)	39 580	15 000	10 000
14290	Meirverdiavgift som gjev rett til momskomp	54 006	40 000	41 000
15001	Forseinkingsrente	-	0	-
15200	Utlån (eigenkapitalinnskot KLP)	13 824	18 000	15 000
15400	Avsetnader til disposisjonsfond	31 301	0	-
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapan	-54 006	-40 000	-41 000
17500	Refusjon frå kommunar	-	0	-
17700	Refusjon frå andre (private) m/opdg	-	0	-
18500	Overføringar frå kommunar	-2 060 000	-2 158 000	-2 371 000
19000	Renteinntekter	-3 196	-3 000	-3 000
19050	Utbytte og eigaruttak (Gjensidige)	-395		
19500	Bruk av disposisjonsfond		-40 000	-41 000
100	Sekom	-	-	-